

ÅRSMELDING FOR INDRE NORDMØRE FORSVARSFØRENING (INF) FOR ÅRET 2018

Styret har i meldingsåret 2018 hatt slik samansetting: Olav Jostein Holten, leiar, Lars Indreiten, nestleiar, Johs. J. Vaag, sekretær, Halvor Flatekval, kasserar og Ivar Edmund Vatn, styremedlem.

(Olav Jostein Holten, Lars Indreiten og Johs. J. Vaag er på val).

Varamedlemer: Nils Johan Rodal og Leif Kristian Bøe.

Revisor: Jan Gausen.

Valnemnd: Kristian Ellevset, Astrid Sinnes og Per O. Moen.

Møteverksemd

I året er det halde 4 styremøte. Årsmøtet blei halde på Hammerstuene 15.02.18. Per Sefland, tidlegare politimeister for Nordmøre, sjef for POT, sjef for PST og sysselmann på Svalbard, heldt eit interessant foredrag som hadde tittelen: «Dagens trusselbilde».

Aktivitetar i året

Aktivitetane starta med at fleire av våre medlemar var på Folk og Forsvar sitt i Molde 16.01.18.

INF gjennomførte prøve til militært skiskyttarmerke etter militært program på Toreseter 27.01.18. Som i tidlegare år hadde Olav Jostein Holten laga ei velpreparert løype.

Det var dugnad på Krigsminnesamlinga 04. og 05.05.18. Det var bra oppmøte. Vi fekk gjort unna ein del arbeid som sto igjen inne. På uthuset blei det skifta ut noko bordkledning på veggen som vender mot sør.

8. mai fekk ei verdig markering i 2018. På Surnadal sjukeheim blei det delt ut 8 medaljar for deltaking i internasjonale operasjonar. 3 medaljar blei utdelt Post Mortem. Utdelinga skjedde i eit samarbeid mellom major Dag Torehaug HV 11 og INF. Ved Halså sjukeheim var det utdeling av 3 medaljar.

INF takkar begge sjukeheimane for tilrettelegging slik at vi fekk til eit verdig møte med veteranane frå Tysklandsbrigadane og deira pårørande.

Etter medaljeoverrekkingane ved sjukeheimane var det markering ved Åsskard kyrkje. Denne markeringa var eit samarbeid mellom veteranar frå NVIO og Nordmøre brigadeveteranforening.

Major Dag Torehaug la ned blomar ved bautaen til Gunnar Bøe, som fall i kampen mot tyskerane i Gratangen 25.04.40.

Etter markeringa ved Åsskard kyrkje bar det avstad til Hammerstuene. Her orienterte Dag Torehaug deltakarane om NATO-øvinga som skulle gjennomførast hausten 2018. Avrundinga av fridomsdagen skjedde ved samtalar og sosialt samvær rundt kaffeborda.

Major Dag Torehaug, HV-11, fekk ein crest frå brigadeveteranforeninga som takk for at han var med oss heile dagen. Varaordførar i Surnadal, Helge Røv, var også med heile dagen.

Siste rydding og vask på Krigsminnesamlinga skjedde 25.05.18. Johanne Holten sto for dette arbeidet.

Det var open dag på Krigsminnesamlinga 26.05.18. Johanne Holten sørga for kaffe og noko attåt. Oppmøtet var jamt over bra. Styret i INF må i samband med vedtak om aktivitetsplan for året 2020 vurdere om vi i framtida skal ha fleire slike opne dagar.

Alle elevane frå 9 klasse ved Surnadal ungdomsskole besøkte Krigsminnesamlinga 15.06.18. Opplegget er eit samarbeid mellom Nordmøre museum og Surnadal museum. Olav Jostein Holten og Kristian Henden representerte INF. Dei viste fram våpen og gjenstandar og orienterte om 2. verdenskrig med særskild vinkling på lokale forhold. Holten og Henden opplevde dette som ein stor dag for sin del. Krigsminnesamlinga er godt tilpassa for å kunne orientere den nye generasjon om 2. verdenskrig. Det verkar som om interessa mellom dei yngre er aukande når det gjeld dette emnet. INF håpar ordninga vil kunne halde fram i åra framover.

Brigadeveteranforeninga og INF var på felles studietur til Titran på Frøya 20.06.18. Der vart deltakarane orienterte om tyske festningsverk og tyskerane si verksemd i dette området.

Det var stor samling på Kulturhuset i Surnadal 21.06.18. Det som var tema var det britiske Spitfire-flyet som vart skote ned av tyske fly 05.03.42. Det britiske flyet var på oppdrag inne i Åsenfjorden for å fotografere den tyske slagkryssaren Tirpitz som var ankra opp i Fættensfjorden. Spitfiren var ubevepna i dette oppdraget. INF lånte bort nokre delar foreninga har på Krigsminnesamlinga frå dette flyet. Einingsleiar for kultur i Surnadal kommune, Lilli Husby, styrde det heile.

INF stilte som vanleg med stand på Øramartnaden. Datoen var 30.06.18.

INF arrangerte møte med organisasjonen Folk og Forsvar på Hammerstuene 27.11.18. Orlogskaptein/informasjonskonsulent Lars Andreas Rognan heldt eit godt og engasjerande foredrag kor temaet var: Matsikkerhet, nettsikkerhet og falske meldingar. INF hadde invitert sanitetsforeningane og beredskapsleiarane i Surnadal og nabokommunane til møtet.

Avslutninga på året var, som så mange gonger før, deltaking på Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Denne høgtidsstunda for forsvaret skjedde 19.12.18.

INF vil rette ein stor takk til Sjur Fedje for hans innsats i samband med krigsminnearbeidet i Surnadal.

Aktivitetsplan for 2019

Styret i INF vedtok på styremøte 19.09.18 slik aktivitetsplan for året 2019:

27.01.19: Prøve til skiskyttarmerket etter militært program på Toreseter. Start kl. 13.00. Denne prøven vart framskuva og gjennomført 19.01.19.

15.02.19. Årsmøte på Hammerstuene, Surnadalsøra. Møtet startar kl. 13.00. Grunna kollisjon med Folk og Forsvar-møte i Molde same dagen-har styret vedtatt at årsmøtet blir halde fredag 01.03.19. Same stad og sa.me tid.

16.03.19: Skiskytingens Dag på Nordmarka. Tidsrom frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

03.05. og 04.05.19: Dugnad på Krigsminnesamlinga Oppstart kl. 10.00. Slutt kl. 16.00.

08.05.19: INF arbeider med tanke på markeringar 8. mai i Tingvoll kommune. Planlegginga er korne godt i gang.

25.05.19: Open dag på Krigsminnesamlinga. Frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

Ultimo juni 2019: Øramartnaden.

Omvisning på Krigsminnesamlinga for elevar ved 9. klasse på ungdomsskolen. Instruktørar: Olav Jostein Holten og Kristian Henden.

Medio desember 2019: Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Nærare informasjon om dette vil korne på eit seinare tidspunkt.

Til hausten blir det lagt opp til eit temamøte.

Det blir arbeidd med å få til ein informasjonsdag i Surnadal. Tyske krigsminnestader skal oppsøkast. Det blir også eit besøk lagt til Krigsminnesamlinga i denne samanhengen. Dato for dagen blir fastsett på eit seinare tidspunkt.

INF tek sikte på å halde fram med samarbeidet ned Nordmøre brigade-veteranforening. Til sommaren blir det lagt opp til ein tur etter same opplegg som tidlegare. Nærare informasjon om turen vil korne seinare.

Oppsummering

Året 2018 har vore eit aktivt år for INF og forsvarssaka. Styret vil takke alle for innsatsen i året som har gått og håper på eit like aktivt år i 2019.

Olav Jostein Holten (sign)
Leiar



Johs. J. Vaag
Sekretær